



Osterøy Events
Kjørrgrova 10
5282 LONEVÅG

Referanser:

Dykkar: NY16Y6- Skjemanr.:208

Vår: 23/547 - 23/9150

Saksbehandlar:

Tor Asle Skiple

tor.asle.skiple@osteroy.kommune.no

Dato:

24.04.2023

Søknad med retting - skjenkeløyve i samband med konsert 28.04.2023 - administrativt vedtak (enkeltanledning)

Administrativt vedtak:

Saknr: 009/23

Vedtak

Osterøy Events, org.nr. 992 024 690, v/ Trond Lillejord, får medhald av alkohollova § 1-6 innvilga søknad om skjenkebevilling for alkoholhaldig drikk med under 22% alkoholinnhald i samband med konsert 28.04.2023 ved Osterøyhallen på følgjande vilkår:

Deltakarar: om lag 1200 personar

Skjenkestyrar: Trond Lillejord, f. 16.06.1963

Stedfortredar: ingen

Skjenketid: kl. 19.00 –kl. 01.00

Skjenkestad: Osterøyhallen

Den som serverer eller sel alkoholsvak eller alkoholhaldig drikke må ha fylt 18 år, og det må ikkje skjenkast/serverast til personar under 18 år. Sal- og skjenking må skje i samsvar med alkohollova med tilhøyrande forskrift.

Arrangøren er ansvarleg for tilstrekkeleg vakthald på området. Eventuelle pålegg frå politiet må følgjast – sjå politiet sine merknader i vedlegg.

Løyvehavar er ansvarleg for ro og orden på skjenkeområdet.

Post

post@osteroy.kommune.no
Postboks 1
5293 Lonevåg

Kontakt

www.osteroy.kommune.no
Telefon 56 19 21 00
Telefaks 56 19 21 01

Konto
Org.nr. 864.338.712

Skjenkeavgift: kr 1850,- må vera betalt før løyvet er gyldig. Giro vert sendt frå økonomikontoret.

Saksutgreiing:

Osterøy Events søker om skjenkeløyve i samband med konsert 28.04.2023.

Uttale frå politiet er motteke med 2 merknader:

- Det må vera minimum mellom 50-60 vakter
- Dersom det er ynskje om at politiet skal vera til stades under heile arrangementet må dette søkjast om.

Tilstrekkeleg vakthald på området må organiserast i samråd med politiet. Vi ber dokker difor om å halde kontakten med politiet i denne saka.

Rådmannen kjenner ikkje til høve som tilseier avslag på søknaden og den vert difor innvilga.

Med helsing

Ingvild Kristi Hjelmtveit
Rådmann

Tor Asle Skiple
Leiar for Stab, støtte og utvikling

Brevet er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift